

KOMMISJONSDIREKTIV 97/17/EF

av 16. april 1997

om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLEKSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske felleksskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 92/75/EØF av 22. september 1992 om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursforbruk ved hjelp av merking og standardiserte vareopplysningar⁽¹⁾, særleg artikkel 9 og 12, og

ut frå desse synsmåtanane:

Elektrisitetsforbruket til oppvaskmaskiner utgjer ein monaleg del av det samla forbruket av energi i Felleksskapet. Energiforbruket til slike apparat kan reduserast mykje.

Betre vaske- og tørkeevne fører ofte til at det vert nytta meir vatn og energi. Opplysningar om vaske- og tørkeevna til eit apparat er nyttige når forbruket av vatn og energi skal vurderast. Slike opplysningar gjer det lettare for forbrukarane å velje apparat som sikrar at energien vert utnytta på ein rasjonell måte.

Felleksskapet stadfestar at det er interessert i ei internasjonal standardiseringsordning som kan gje opphav til standardar som faktisk vert nytta av alle partar i den internasjonale handelen, og som kan stette dei krava som felleksskapspolitikken stiller, og oppmodar dei europeiske standardiseringsorganisasjonane om å føre vidare samarbeidet med dei internasjonale standardiseringsorganisasjonane.

Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) er godkjende som kompetente organ når det gjeld å vedta harmoniserte standardar etter dei overordna retningslinjene for samarbeidet mellom Kommisjonen og dei to organa som vart underskrivne 13. november 1984. I dette direktivet er ein harmonisert standard ein teknisk spesifikasjon (ein europeisk standard eller eit harmoniseringsdokument) som er vedteken av

CENELEC etter oppdrag frå Kommisjonen i samsvar med rådsdirektiv 83/189/EØF av 28. mars 1983 om en informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter⁽²⁾, sist endra ved kommisjonsvedtak 96/139/EF⁽³⁾, og etter dei førnemnde overordna retningslinjene.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som vart oppnemnt ved artikkel 10 i direktiv 92/75/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

1. Dette direktivet skal nyttast på nettdrivne hushaldsoppvaskmaskiner. Apparat som òg kan drivast med andre energikjelder, er ikkje omfatta av direktivet.
2. Dei obligatoriske opplysningane som er fastsette i dette direktivet, skal utarbeidast etter måle metodane i harmoniserte standardar som det er offentleggjort tilvisingsnummer for i *Tidend for Dei europeiske felleksskapa*, og som er gjennomførde i nasjonale standardar som medlemsstatane har offentleggjort tilvisingsnummer for. Føresegnar i dette direktivet som krev opplysningar om støy, skal gjelde berre dersom slike opplysningar er påkravde etter artikkel 3 i rådsdirektiv 86/594/EØF⁽⁴⁾. Dersom det er naudsynt, skal opplysningane utarbeidast i samsvar med føresegnene i det førnemnde direktivet.
3. Dei harmoniserte standardane som er nemnde i nr. 2, skal utarbeidast etter oppdrag frå Kommisjonen i samsvar med direktiv 83/189/EØF.
4. Dei uttrykka som er nytta i dette direktivet, skal ha same tydinga som i direktiv 92/75/EØF, bortsett frå i tilfelle der samanhengen krev ei anna tyding.

Artikkel 2

1. Det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 3 i direktiv 92/75/EØF, skal omfatte

(*) Denne felleksskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 118, 7.5.1997, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 29/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Felleksskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 297 av 13.10.1992, s. 16.

(²) TEF nr. L 109 av 26.4.1983, s. 8.

(³) TEF nr. L 32 av 10.2.1996, s. 31.

(⁴) TEF nr. L 344 av 6.12.1986, s. 24.

- namnet og adressa til leverandøren,
- ein generell omtale av apparatet som gjer det mogleg å identifisere det,
- opplysningar, eventuelt med teikningar, om dei viktigaste konstruksjonskjenneteikna ved modellen, særleg om eigenskapar som har ein klår innverknad på energiforbruket,
- rapportar om prøvingar og målingar som er gjorde etter prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 i dette direktivet,
- eventuell bruksrettleiing.

2. Etiketten som er nemnd i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 92/75/EØF, skal vere utforma som vist i vedlegg I til dette direktivet. Etiketten skal plasserast utvendig på framsida eller oversida av apparatet, slik at han er godt synleg og ikkje vert dekt til.

3. Innhaldet og formatet til opplysningsskjemaet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 92/75/EØF, skal vere i samsvar med vedlegg II til dette direktivet.

4. Dersom eit apparat vert bode fram for sal, leige eller kjøp på avbetaling på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 5 i direktiv 92/75/EØF, og ved hjelp av ei trykksak, t.d. ein postordrekatalog, skal trykksaka innehalde alle dei opplysningane som er gjevne i vedlegg III til dette direktivet.

5. Klassifiseringa av eit apparat etter energieffektivitet, vaske- og tørkeevne skal fastsetjast i samsvar med vedlegg IV.

Artikkel 3

Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle leverandørar og forhandlarar som er etablerte på territoriet deira, oppfyller pliktene sine i medhald av dette direktivet.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 15. juni 1998. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. juli 1998.

Fram til 31. desember 1998 skal medlemsstatane likevel tillate

- marknadsføring, kommersiell utnytting og/eller utstilling av produkt og
- utdeling av trykksaker nemnde i artikkel 2 nr. 4

som ikkje er i samsvar med føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 5

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 6

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 16. april 1997.

For Kommissjonen

Christos PAPOUTSIS

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGGI
ETIKETTEN

Utforming

1. Etiketten skal svare til modellen nedanfor i den språkversjonen som høver:

| | | |
|---|------------------|----------------------|
| Energi | | Oppvaskmaskin |
| Merke | | Logo ABC 123 |
| Modell | | |
| Lågt forbruk | | |
| Høgt forbruk | | |
| Energiforbruk kWh/oppvask <i>(på grunnlag av prøvingsresultata for det normalprogrammet som produsenten har tilidd, med ifylling av kaldt vann)</i> | | X.YZ |
| Det faktiske energiforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta. | | |
| Vaskeevne | A: høg G: låg | ABCDEF G |
| Tørkeevne | A: høg G: låg | ABCDEF G |
| Standardkupertar | | YZ |
| Vassforbruk | <i>l</i> oppvask | YX |
| Lydnivå dB(A) (Støy) | | XY |
| Produktrosjyrane gjev fleire opplysningar | | |
| Europæisk standard EN 50242 Direktiv 97/17/EF om energimerking av oppvaskmaskiner | | |

— V

— IV

— III

— I
— II

— VI






— VIII

— IX












— X

| | |
|--|----------------------|
| <h1>Energía</h1> | Lavavajillas |
| Fabricante | Logo |
| Modelo | ABC 123 |
| Más eficiente | |
| | |
| Menos eficiente | |
| Consumo de energía kWh/ciclo <i>(basado en los resultados obtenidos en las pruebas realizadas por el fabricante en un ciclo normalizado utilizando carga fría)</i> | X.YZ |
| El consumo real depende de las condiciones de utilización del aparato. | |
| Eficacia de lavado A: más alta G: más baja | A B C D E F G |
| Eficacia de secado A: más alta G: más baja | A B C D E F G |
| Cubiertos Consumo de agua l/ciclo | YZ YX |
| Ruido (dB(A) re 1 pW) | XY |
| Ficha de información detallada en los folletos del producto. | |
| Norma EN 50642 Directiva 97/17/CE sobre etiquetado de lavavajillas | |

| | | |
|---|--|---------------------------|
| Energi | | Opvaskemaskine |
| Mærke | | Logo ABC 123 |
| Model | | |
| Lavt forbrug | | |
| Højt forbrug | | |
| Energiforbrug kWh/opvask <i>(På grundlag af testresultater for normalprogram med tilførsel til koldt vand)</i> | | X.YZ |
| Det faktiske energiforbrug afhænger af, hvordan apparatet benyttes. | | |
| Opvaskeevne A: høj G: lav | | A B C D E F G |
| Tørreevne A: høj G: lav | | A B C D E F G |
| Standardkvarter Vandforbrug l/opvask | | YZ YX |
| Lydeffektniveau dB(A) (Støj) | | XY |
| Brochurerne om produktet indeholder yderligere oplysninger. | | |
| Standard EN 50242 Direktiv 92/47/EF om energimærkning af opvaskemaskiner | | |

| | |
|---|--|
| <h1>Energie</h1> | Geschirrspüler |
| Hersteller |  |
| Modell | 1 2 3 |
| Niedriger Energieverbrauch |  |
|  |  |
| Hoher Energieverbrauch | X.YZ |
| Energieverbrauch kWh/Programm <i>(ausgehend von den Ergebnissen der Normprüfung für das vom Hersteller festgelegte Standardprogramm, bei Kaltwasserbefüllung)</i> | X.YZ |
| Der tatsächliche Energieverbrauch hängt von der Art der Nutzung des Gerätes ab. | |
| Reinigungswirkung | A B C D E F G |
| A: besser G: schlechter | |
| Trockenwirkung | A B C D E F G |
| A: besser G: schlechter | |
| Standardbefüllung | YZ |
| Wasserverbrauch l/Programm | YX |
| Geräusch | XY |
| (dB(A) re 1-pW) | |
| Ein Datenblatt mit weiteren Geräteangaben ist in den Prospekten enthalten. |  |
| Norm EN 50242 Richtlinie 97/17/EG Geschirrspülerleistung | |


| | |
|---|--|
| <h1>Ενέργεια</h1> <p>Κατασκευαστής Μοντέλο</p> | <p>Πλυντήριο πιάτων</p> <p>Ξοξο A B C 1 2 3</p> |
| <p>Περισσότερο αποδοτικό</p>  <p>Λιγότερο αποδοτικό</p> |   |
| <p>Κατανάλωση ενέργειας kWh/πρόγραμμα <i>(με βάση τα αποτελέσματα δοκιμών επί του τυπικού προγράμματος με κρύο νερό)</i></p> <p>Η πραγματική κατανάλωση εξαρτάται από τον τρόπο χρήσης της συσκευής</p> | <p>X.YZ</p> |
| <p>Βαθμός πλυσίματος A: υψηλότερος G: χαμηλότερος</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Βαθμός στεγνώματος A: υψηλότερος G: χαμηλότερος</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Σκεύη τοποθετημένα κανονικά Κατανάλωση νερού l/πρόγραμμα</p> | <p>YZ YX</p> |
| <p>Θόρυβος [dB(A) ανά 1 pW]</p> | <p>XY</p> |
| <p>Μία κάρτα με πληροφοριακές λεπτομέρειες</p> <p>Πρότυπο EN 50242 Οδηγία 97/17/ΕΚ για την ετικέτα πλυντηρίων πιάτων</p> |  |

| Énergie | Lave-vaisselle |
|---|--|
| Fabricant Modèle |  ABC 123 |
| Économe |  |
|        |  |
| Peu économe | X.YZ |
| Consommation d'énergie kWh/cycle <i>(Sur base des résultats du cycle recommandé par le fabricant)</i> | X.YZ |
| La consommation réelle dépend des conditions d'utilisation de l'appareil. | |
| Efficacité de lavage A: plus élevée G: plus faible | A B C D E F G |
| Efficacité de séchage A: plus élevée G: plus faible | A B C D E F G |
| Nombre de couverts | YZ |
| Consommation d'eau l/cycle | YX |
| Bruit [dB(A) re 1 pW] | XY |
| Une fiche d'information détaillée figure dans la brochure. |  |
| Norme EN 50242 Directive 97/17/CE relative à l'étiquetage des lave-vaisselle | |






| | | |
|--|--|---------------------------|
| Energia | | Lavastoviglie |
| Costruttore | | Logo ABC 123 |
| Modello | | |
| Bassi consumi | | |
| Alti consumi | | |
| Consumo di energia kWh/ciclo <i>(in base ai risultati di prove di cicli normali di lavaggio con acqua fredda)</i> | | X.YZ |
| Il consumo effettivo dipende dal modo in cui l'apparecchio viene usato | | |
| Efficacia di lavaggio A: alta G: bassa | | A B C D E F G |
| Efficacia di asciugatura A: alta G: bassa | | A B C D E F G |
| Coperti | | YZ |
| Consumo di acqua t/ciclo | | YX |
| Rumorosità [dB(A) re 1 pW] | | XY |
| Gli opuscoli illustrativi contengono una scheda particolareggiata | | |
| Norma EN 50242 Direttiva 97/17/CE relativa all'etichettatura delle lavastoviglie | | |

| | | |
|--|--|--------------------------|
| Energie | | Afwasmachine |
| Fabrikant | | Logo |
| Model | | ABC 123 |
| Efficiënt | | |
| Inefficiënt | | |
| Energieverbruik kWh/cyclus <i>(Gebaseerd op de resultaten van een standaardcyclus, met toevoer van koud water)</i> | | X.YZ |
| Het werkelijk verbruik wordt bepaald door de wijze waarop het apparaat wordt gebruikt | | |
| Afwasresultaat A: goed G: matig | | A B C D E F G |
| Droogresultaat A: goed G: matig | | A B C D E F G |
| Standaardcouverts | | YZ |
| Waterverbruik l/cyclus | | YX |
| Geluidsniveau (dB(A) re 1 pW) | | XY |
| Naderre gegevens zijn opgenomen in de brochures over het apparaat | | |
| Norm EN 50242 Richtlijn 97/17/EG etikettering afwasmachines | | |

| | | |
|---|--|-------------------------------|
| Energia | | Máquina de lavar loiça |
| Fabricante | | Logo |
| Modelo | | ABC 123 |
| Mais eficiente | | |
| Menos eficiente | | |
| Consumo de energia kWh/ciclo <i>(com base nos resultados dos ensaios para o ciclo de lavagem padrão recomendado pelo fabricante, com enchimento a água fria)</i> O consumo real de energia dependerá das condições de utilização do aparelho | | X.YZ |
| Eficiência de lavagem A: mais elevada G: mais baixa | | A B C D E F G |
| Eficiência de secagem A: mais elevada G: mais baixa | | A B C D E F G |
| Serviços de loiça padrão Consumo de água t/ciclo | | YZ YX |
| Nível de ruído [dB(A) re 1 pW] | | XY |
| Ficha pormenorizada no folheto do produto | | |
| Norma EN 50242 Diretiva 92/17/CE relativa à etiquetagem das máquinas de lavar loiça | | |

| | |
|--|---|
| <h1>Energia</h1> | <h2>Astianpesukone</h2> |
| <p>Tavarantoimittaja Malli</p> |  <p>Logo ABC 123</p> |
| <p>Vähän kuluttava</p>  <p>A B C D E F G</p> |  <p>B</p>  |
| <p>Paljon kuluttava</p> <p>Energiankulutus kWh/ohjelma <i>(perustuu mittaustuloksiin, jotka on saatu tavarantoimittajan ilmoittamalla perusohjelmalla kylmävesiilintännässä)</i></p> <p>Todellinen kulutus riippuu laitteen käytötavoista.</p> | <p>X.YZ</p> |
| <p>Pesutulos A: hyvä G: huono</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Kuivaustulos A: hyvä G: huono</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Täyttömäärä (standardiastioita) Vedenkulutus l/ohjelma</p> | <p>YZ YX</p> |
| <p>Ääni (dB(A) re 1 pW)</p> | <p>XY</p> |
| <p>Tuote-esitteessä on lisätietoja.</p> |  |
| <p>Standardi EN 60242 Direktiivi 97/17/EY astianpesukoneiden energiamerkinneistä</p> | |

| | |
|--|--|
| <h1>Energi</h1> <p>Leverantör Modell</p> | <p>Diskmaskin</p> <p>Logo ABC 123</p> |
| <p>Låg förbrukning</p>  <p>Hög förbrukning</p> |   |
| <p>Energiförbrukning kWh/diskomgång <i>(baserad på resultat från provning med tillverkarens normalprogram vid kallvattenanslutning)</i></p> <p>Den faktiska förbrukningen beror på hur apparaten används.</p> | <p>X.YZ</p> |
| <p>Diskeffekt A: bättre G: sämre</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Torkeffekt A: bättre G: sämre</p> | <p>A B C D E F G</p> |
| <p>Standardkuvert Vattenförbrukning l/diskomgång</p> | <p>YZ YX</p> |
| <p>Buller (dB(A) re 1 pW)</p> | <p>XY</p> |
| <p>Produktbroschyrena innehåller ytterligare information.</p> <p>Standard EN 60242 Direktiv 97/17/EG om märkning av diskmaskiner</p> |  |

| | | |
|--|---|---|
| <h1>Énergie</h1> | | Lave-vaisselle Afwasmachine |
| Fabricant Modèl | |  |
| Économe/Efficiënt  | |   |
| Peu économe/Inefficiënt | | X.YZ |
| Consommation d'énergie kWh/cycle <small>(Sur base des résultats du cycle recommandé par le fabricant, avec remplissage à l'eau froide)</small> <small>Le consommation réelle dépend des conditions d'utilisation de l'appareil</small> | Energieverbruik kWh/cyclus <small>(Gebaseerd op de resultaten van een standaardcyclus, met toevoer van koud water)</small> <small>Het werkelijk verbruik wordt bepaald door de wijze waarop het apparaat wordt gebruikt</small> | X.YZ |
| Efficacité de lavage/Afwasresultaat A: plus élevée/goed G: plus faible/matig | | A B C D E F G |
| Efficacité de séchage/Droogresultaat A: plus élevée/goed G: plus faible/matig | | A B C D E F G |
| Nombre de couverts/Standardscouverts Consommation d'eau/ Waterverbruik t/cycles | | YZ YX |
| Bruit/Geluidsniveau [dB(A) re 1 pW] | | XY |
| Une fiche d'information détaillée figure dans la brochure Norme EN 50242 Directive 97/17/CE relative à l'étiquetage des lave-vaisselle | Nadere gegevens zijn opgenomen in de brochures over het apparaat Norm EN 50242 Richtlijn 97/17/EG etikettering afwasmachines |  |

2. Merknadene nedanfor viser kva for opplysningar som skal takast med.

Merknad:





- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga til leverandøren.
- III. Energieffektiviteten til modellen skal klassifiserast i samsvar med vedlegg IV. Bokstaven som viser klassifiseringa av modellen, skal plasserast jamhøgt med den aktuelle pila.
- IV. Dersom ein modell er tildelt eit EF-miljømerke i medhald av rådsforordning (EØF) nr. 880/92⁽¹⁾, kan ein kopi av miljømerket setjast inn her, med atterhald for krava som er fastsette ved fellesskapsordninga for tildeling av miljømerke.
- V. Energiforbruket, uttrykt i kWh per oppvask ved bruk av normalprogrammet, i samsvar med prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2.
- VI. Klassifisering av vaskeevna, slik det er fastsett i vedlegg IV.
- VII. Klassifisering av tørkeevna, slik det er fastsett i vedlegg IV.
- VIII. Kapasiteten til apparatet, uttrykt i standardkuvertar, i samsvar med prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2.
- IX. Vassforbruket, uttrykt i liter, per oppvask ved bruk av normalprogrammet, i samsvar med prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2.
- X. Eventuelt lydnivået, målt ved bruk av normalprogrammet, i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF⁽²⁾.

NB:

Dei tilsvarande uttrykka på andre språk er oppførde i vedlegg V.

⁽¹⁾ TEF nr. L 99 av 11.4.1992, s. 1.

⁽²⁾ TEF nr. L 344 av 6.12.1986, s. 24. Dei aktuelle standardane er EN 60704-2-3 (støymåling) og EN 60704-3 (verifisering).

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | | |
| Energi | | Oppvaskmaskin | |
| Merke Modell | | Logo ABC 123 | |
| Lågt forbruk  | |   | |
| Høgt forbruk | | X.YZ | |
| Energiforbruk kWh/oppvask (på grunnlag av prøvingsresultata for det normalprogrammet som produsenten har tilrådd, med ifylling av kaldt vatn) Det faktiske energiforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta. | | | |
| Vaskeevne A: høg G: låg | | A B C D E F G | |
| Tørkeevne A: høg G: låg | | A B C D E F G | |
| Standardkuvertar Vassforbruk Uoppvask | | YZ YX | |
| Lydnivå dB(A) (Støy) | | XY | |
| Produktbrosjyrane gjev fleire opplysningar | |  | |
| Europelsk standard EN 50242 Direktiv 97/17/EF om energimerking av oppvaskmaskiner | | | |

Prenting

3. Nedanfor er det gjevne opplysningar om prentinga av dei einstkilde delane av etiketten:

41 mm
 90 mm
 31 mm
 15 mm
 15 mm
 15 mm
 48 mm

Fargar:

CMGS: cyanblått, magentaraudt, gult, svart.

T.d.: 07X0: 0 % cyanblått, 70 % magentaraudt, 100 % gult, 0 % svart.

Piler:

- A: X0X0
- B: 70X0
- C: 30X0
- D: 00X0
- E: 03X0
- F: 07X0
- G: 0XX0

Rammefarge: X070

All tekst skal vere svart. Bakgrunnen skal vere kvit.

*VEDLEGG II***OPPLYSNINGSSKJEMAET**

Opplysningsskjemaet skal innehalde opplysningane nedanfor. Opplysningane kan gjevast i ein tabell som omfattar fleire apparat frå same leverandøren. Opplysningane skal gjevast i rekkjefølgja nedanfor, med mindre dei ligg føre i ein meir generell omtale av kvart apparat.

1. Namnet eller varemerket til leverandøren.
2. Modellnemninga til leverandøren.
3. Klassifisering av energieffektiviteten til modellen, slik det er fastsett i vedlegg IV, uttrykt som «Energieffektivitetsklasse ... på ein skala frå A (lågt forbruk) til G (høgt forbruk)». Dersom desse opplysningane er gjevne i ein tabell, kan dei uttrykkjast på andre måtar, så sant det går tydeleg fram at skalaen går frå A (lågt forbruk) til G (høgt forbruk).
4. Dersom opplysningane er gjevne i ein tabell og nokre av apparata i tabellen er tildelte eit EF-miljømerke i medhald av rådsforordning (EØF) nr. 880/92, kan det opplysast om tildelinga her. I slike høve skal rubrikken ha overskrifta «EF-miljømerke» og vise ein kopi av miljømerket. Denne føresegna rører ikkje ved krava i fellesskapsordninga for tildeling av miljømerke.
5. Namnet på, koden eller nemninga for det normalprogrammet som produsenten har tilrådd, og som opplysningane på etiketten og i opplysningsskjemaet gjeld for.
6. Energiforbruket, uttrykt i kWh per oppvask ved bruk av normalprogrammet, i samsvar med prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2, og definert som «Energiforbruk XYZ kWh på grunnlag av prøvingsresultata for det normalprogrammet som produsenten har tilrådd, med ifylling av kaldt vatn. Det faktiske energiforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta».
7. Klassifisering av vaskeevna, slik det er fastsett i vedlegg IV, uttrykt som «Vaskeevneklasse ... på ein skala frå A (høg) til G (låg)». Desse opplysningane kan uttrykkjast på andre måtar, så sant det går tydeleg fram at skalaen går frå A (høg) til G (låg).
8. Klassifisering av tørkeevna, slik det er fastsett i vedlegg IV, uttrykt som «Tørkeevneklasse ... på ein skala frå A (høg) til G (låg)». Desse opplysningane kan uttrykkjast på andre måtar, så sant det går tydeleg fram at skalaen går frå A (høg) til G (låg).
9. Kapasiteten til apparatet i standardkuvertar, slik det er fastsett i vedlegg I merknad VIII.
10. Vassforbruket per oppvask ved bruk av normalprogrammet, uttrykt i liter, slik det er fastsett i vedlegg I merknad IX.
11. Tida som går med ved bruk av det normalprogrammet som produsenten har tilrådd, i samsvar med prøvemetodane i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2.
12. Leverandørane kan i nr. 5-11 ta med tilsvarande opplysningar for andre program òg.
13. Det gjennomsnittlege forbruket av vatn og energi per år, som svarar til 220 gonger det forbruket som er oppgjeve i nr. 6 (energi) og nr. 10 (vatn), uttrykt som «Pårekna årleg forbruk (220 oppvaskar)».
14. Eventuelt lydnivået, målt ved bruk av normalprogrammet, i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF.

Opplysningane på etiketten kan takast med som ei attgjeving av etiketten, anten i fargar eller i svart/kvitt.

NB:

Dei tilsvarande uttrykka på andre språk er oppførde i vedlegg V.

*VEDLEGG III***POSTORDRESAL OG ANNA FJERN SAL**

Postordrekatalogar og andre trykksaker som er nemnde i artikkel 2 nr. 4, skal innehalde opplysningane nedanfor i den rekkjefølgja dei er oppførde:

1. Energieffektivitetsklasse (vedlegg II nr. 3)
2. Namn på det normalprogrammet som produsenten har tilrådd (vedlegg II nr. 5)
3. Energiforbruk (vedlegg II nr. 6)
4. Vaskeevneklasse (vedlegg II nr. 7)
5. Tørkeevneklasse (vedlegg II nr. 8)
6. Kapasitet (vedlegg I merknad VIII)
7. Vassforbruk (vedlegg II merknad IX)
8. Pårekna årleg forbruk (220 oppvaskar) (vedlegg II nr. 13)
9. Eventuelt lydnivået (vedlegg II merknad X)

Dersom det vert gjeve fleire opplysningar frå opplysningsskjemaet, skal dei utformast slik det er vist i vedlegg II, og setjast inn i lista ovanfor i den rekkjefølgja som er fastsett for opplysningsskjemaet.

NB:

Dei tilsvarande uttrykka på andre språk er oppførde i vedlegg V.

VEDLEGG IV

KLASSIFISERING ETTER ENERGIEFFEKTIVITETEN

1. Energieffektiviteten til eit apparat skal klassifiserast på følgjande måte:

Referanseforbruket C_R skal reknast ut på følgjande måte:

$$C_R = 1,35 + 0,025 \times S, \quad \text{når } S \geq 10$$

$$C_R = 0,45 + 0,09 \times S, \quad \text{når } S \leq 9$$

der S er kapasiteten til apparatet uttrykt i standardkuvertar (vedlegg I merknad VIII).

Energieffektivitetsindeksen E_1 vert deretter definert som $E_1 = \frac{C}{C_R}$

der C er energiforbruket til apparatet (vedlegg I merknad V).

Energieffektivitetsklassen vert deretter fastsett på grunnlag av tabell 1:

Tabell 1

| Energieffektivitetsklasse | Energieffektivitetsindeks E_1 |
|---------------------------|---------------------------------|
| A | $E_1 < 0,64$ |
| B | $0,64 \leq E_1 < 0,76$ |
| C | $0,76 \leq E_1 < 0,88$ |
| D | $0,88 \leq E_1 < 1,00$ |
| E | $1,00 \leq E_1 < 1,12$ |
| F | $1,12 \leq E_1 < 1,24$ |
| G | $E_1 \geq 1,24$ |

2. Tabell 2 viser korleis eit apparat skal klassifiserast etter vaskeevna:

Tabell 2

| Vaskeevneklasse | Vaskeevneindeks « P_c » for normalprogrammet som produsenten har tilrådd, som definert i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 |
|-----------------|--|
| A | $P_c > 1,12$ |
| B | $1,12 \geq P_c > 1,00$ |
| C | $1,00 \geq P_c > 0,88$ |
| D | $0,88 \geq P_c > 0,76$ |
| E | $0,76 \geq P_c > 0,64$ |
| F | $0,64 \geq P_c > 0,52$ |
| G | $0,52 \geq P_c$ |

3. Tabell 3 viser korleis eit apparat skal klassifiserast etter tørkeevna:

Tabell 3

| Tørkeevneklasse | Tørkeevneindeks « P_D » for normalprogrammet som produsenten har tilrådd, som definert i dei harmoniserte standardane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2. |
|-----------------|---|
| A | $P_D > 1,08$ |
| B | $1,08 \geq P_D > 0,93$ |
| C | $0,93 \geq P_D > 0,78$ |
| D | $0,78 \geq P_D > 0,63$ |
| E | $0,63 \geq P_D > 0,48$ |
| F | $0,48 \geq P_D > 0,33$ |
| G | $0,33 \geq P_D$ |

VEDLEGG V

OMSETJING AV UTTRYKK SOM SKAL NYTTAST PÅ ETIKETTEN OG I OPPLYSNINGSSKJEMAET

Dei uttrykka som er oppførde nedanfor på andre språk, svarar til dei norske uttrykka som er nytta i dette direktivet:

| Merknad | | | EN | ES | DA | DE | EL |
|-------------------------------------|--------------------|---------------|---|---|---|--|---|
| Etikett | Opplysnings-skjema | Post-ordresal | | | | | |
| Vedlegg I | Vedlegg II | Vedlegg III | | | | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | Energy | Energía | Energi | Energie | Ενέργεια |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | Dishwasher | Lavavajillas | Opvaskemaskine | Geschirrspüler | Πλυντήριο πιάτων |
| I | 1 | | Manufacturer | Fabricante | Mærke | Hersteller | Κατασκευαστής |
| II | 2 | | Model | Modelo | Model | Modell | Μοντέλο |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | More efficient | Más eficiente | Lavt forbrug | Niedriger Energieverbrauch | Περισσότερο αποδοτικό |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | Less efficient | Menos eficiente | Højt forbrug | Hoher Energieverbrauch | Λιγότερο αποδοτικό |
| | 3 | 1 | Energy efficiency class ... on a scale of A (more efficient) to G (less efficient) | Clase de eficiencia energética ... en una escala que abarca de A (más eficiente) a G (menos eficiente) | Relativt energiforbrug ... på skalaen A (lavt forbrug) til G (højt forbrug) | Energieeffizienzklasse ... auf einer Skala von A (niedriger Energieverbrauch) bis G (hoher Energieverbrauch) | Τάξη ενεργειακής απόδοσης ... σε κλίμακα από Α (περισσότερο αποδοτικό) μέχρι το Γ (λιγότερο αποδοτικό) |
| V | | | Energy consumption | Consumo de energía | Energiforbrug | kWh/Programm | Κατανάλωση ενέργειας |
| V | | | kWh/cycle | kWh/ciclo | kWh/opvask | kWh | kWh/πρόγραμμα |
| | 6 | 3 | Energy consumption XYZ kWh per standard test cycle, using cold water fill. Actual energy consumption will depend on how the appliance is used | Consumo de XYZ kWh por ciclo, sobre la base del resultado obtenido en un ciclo normalizado utilizando una carga con agua fría. El consumo real depende de las condiciones de utilización del aparato. | Energiforbrug XYZ kWh pr. opvask på grundlag af standardtest på normalprogram med maskinen tilsluttet koldt vand. Det faktiske energiforbrug vil bero på, hvordan opvaskemaskinen bruges. | Energieverbrauch XYZ in kWh pro Standardprüfprogramm bei Kaltwasserbefüllung. Der tatsächliche Energieverbrauch hängt von der Art der Nutzung des Gerätes ab | Κατανάλωση ενέργειας XYZ kWh στο τυπικό πρόγραμμα με χρήση κρύου νερού. Η πραγματική κατανάλωση ενέργειας εξαρτάται από τον τρόπο χρήσης της συσκευής |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | (Based on test results for manufacturer's standard cycle, using cold fill) | (basado en los resultados obtenidos en las pruebas realizadas por el fabricante en un ciclo normalizado utilizando carga fría) | (På grundlag af testresultater for normalprogram med tilslutning til koldt vand) | (ausgehend von den Ergebnissen der Normprüfung für das vom Hersteller festgelegte Standardprogramm, bei Kaltwasserbefüllung) | (με βάση τα αποτελέσματα δοκιμών επί του τυπικού προγράμματος με κρύο νερό) |
| <input checked="" type="checkbox"/> | | | Actual consumption will depend on how the appliance is used | El consumo real depende de las condiciones de utilización del aparato | Det faktiske energiforbrug afhænger af, hvorledes apparatet benyttes | Der tatsächliche Energieverbrauch hängt von der Art der Nutzung des Gerätes ab | Η πραγματική κατανάλωση εξαρτάται από τον τρόπο χρήσης της συσκευής |

| FR | IT | NL | PT | FI | SV |
|---|--|---|--|--|---|
| | | | | | |
| Énergie | Energia | Energie | Energia | Energia | Energi |
| Lave-vaisselle | Lavastoviglie | Afswasmachine | Máquina de lavar loiça | Astianpesukone | Diskmaskin |
| Fabricant | Costruttore | Fabrikant | Fabricante | Tavarantoimittaja | Leverantör |
| Modèle | Modello | Model | Modelo | Malli | Modell |
| Économe | Bassi consumi | Efficient | Mais eficiente | Vähän kuluttava | Låg förbrukning |
| Peu économe | Alti consumi | Inefficient | Menos eficiente | Paljon kuluttava | Hög förbrukning |
| Classe d'efficacité énergétique ... sur une échelle allant de A (économe) à G (peu économe) | Classe di efficienza energetica ... su una scala da A (bassi consumi) a G (alti consumi) | Energie-efficiëntie-klasse ... op een schaal van A (efficiënt) tot G (inefficiënt) | Classe de eficiência energética ... numa escala de A (mais eficiente) a G (menos eficiente) | Energiatohokkuusluokka ... asteikolla A:sta (vähän kuluttava) G:hen (paljon kuluttava) | Energieffektivitetsklass ... på en skala från A (låg förbrukning) till G (hög förbrukning) |
| Consommation d'énergie | Consumo di energia | Energieverbruik | Consumo de energia | Energiankulutus | Energiförbrukning |
| kWh | kWh/ciclo | kWh/cyclus | kWh/ciclo | kWh/ohjelma | kWh/diskomgång |
| Consommation d'énergie XYZ kWh sur base des résultats du cycle recommandé par le fabricant, avec alimentation en eau froide. La consommation réelle dépend des conditions d'utilisation de l'appareil | Consumo di energia XYZ kWh per ciclo di prova normale con acqua fredda. Il consumo effettivo di energia dipenderà dalle modalità di utilizzazione dell'apparecchio | Energieverbruik XYZ kWh per standaard-testcyclus, met toevoer van koud water. Het werkelijke energieverbruik wordt bepaald door de wijze waarop het apparaat wordt gebruikt | Consumo de energia XYZ kWh por ciclo padrão, com enchimento a água fria. O consumo real de energia dependerá das condições de utilização do aparelho | Energiankulutus XYZ kWh peru-sohjelmaa kohden kylmävesiliitännässä. Todellinen energi-ankulutus riippuu laitteen käyttöta-voista | Energiförbrukning XYZ kWh per diskomgång vid kallvattenanslutning. Den faktiska energiförbrukningen beror på hur maskinen används |
| (Sur base des résultats du cycle recommandé par le fabricant) | (in base ai risultati di prove di cicli normali di lavaggio con acqua fredda) | (Gebaseerd op de resultaten van een standaardcyclus, met toevoer van koud water) | (Com base nos resultados dos ensaios para o ciclo padrão recomendado pelo fabricante, com enchimento a água fria) | (perustuu mittaus-tuloksiin, jotka on saatu tavarantoimittajan ilmoitamalla perusohjelmalla kylmävesiliitännässä) | (Baserat på resultat från provning med tillverkarens normalprogram vid kallvattenanslutning) |
| La consommation réelle dépend des conditions d'utilisation de l'appareil | Il consumo effettivo dipende dal modo in cui l'apparecchio viene usato | Het werkelijk verbruik wordt bepaald door de wijze waarop het apparaat wordt gebruikt | O consumo real de energia dependerá das condições de utilização do aparelho | Todellinen kulutus riippuu laitteen käyttöta-voista | Den faktiska förbrukningen beror på hur apparaten används |

| Merknad | | | EN | ES | DA | DE | EL |
|-----------|--------------------|--------------|--|---|--|--|--|
| Etikett | Opplysnings-skjema | Postordresal | | | | | |
| Vedlegg I | Vedlegg II | Vedlegg III | | | | | |
| VI | | | Cleaning performance A: higher G: lower | Eficacia de lavado A: más alto G: más bajo | Opvaskeevne A: høj G: lav | Reinigungswirkung A: besser G: schlechter | Βαθμός πλυσίματος A: υψηλότερη G: χαμηλότερη |
| | 7 | 4 | Cleaning performance class ... on a scale of A (higher) to G (lower) | Clase de eficacia de lavado ... en una escala que abarca de A (más alto) a G (más bajo) | Opvaskeevne ... på skalaen A (høj) til G (lav) | Reinigungswirkungsklasse ... auf einer Skala von A (besser) bis G (schlechter) | Βαθμός πλυσίματος ... σε μία κλίμακα από Α (υψηλότερη απόδοση) μέχρι G (χαμηλότερη απόδοση) |
| VII | | | Drying performance A: higher G: lower | Eficacia de secado A: más alto G: más bajo | Tørreevne A: høj G: lav | Trockenwirkung A: besser G: schlechter | ... Βαθμός στεγνώματος A: υψηλότερη G: χαμηλότερη |
| | 8 | 5 | Drying performance ... on a scale of A (higher) to G (lower) | Clase de eficacia de secado ... en una escala que abarca de A (más alto) a G (más bajo) | Tørreevne ... på skalaen A (høj) til G (lav) | Trockenwirkungsklasse ... auf einer Skala von A (besser) bis G (schlechter) | Βαθμός στεγνώματος ... σε μία κλίμακα από Α (υψηλότερη απόδοση) μέχρι G (χαμηλότερη απόδοση) |
| VIII | 9 | 6 | Standard place settings | Cubiertos | Standardkugterter | Standardbefüllung | Συνθή τοποθετημένα κανονικά |
| IX | 10 | 7 | Water consumption l/cycle | Consumo de agua l/ciclo | Vandforbrug l/opvask | Wasserverbrauch l/Programm | Κατανάλωση νερού l/πρόγραμμα |
| | 11 | | Programme time | Tiempo del programa | Varighed af normalprogram | Für Standardprogramm erforderliche Zeit | Διάρκεια κανονικού προγράμματος |
| | 13 | 8 | Estimated annual consumption (220 cycles) | Consumo anual estimado (220 ciclos) | Anslæt årligt forbrug (220 opvaske) | Geschätzter Jahresverbrauch (220 Standardprogramme) | Εκτιμώμενη ετήσια κατανάλωση για εκτέλεση του τυπικού προγράμματος 220 φορές |
| X | 14 | 9 | Noise [dB(A) re 1 pW] | Ruido [dB(A) re 1 pW] | Lydeffektniveau dB(A) (Støj) | Geräusch [dB(A) re 1 pW] | Θόρυβος [dB(A) ανά 1 pW] |
| ☒ | | | Further information is contained in product brochures | Ficha de información detallada en los folletos del producto | Brochurerne om produktet indeholder yderligere oplysninger | Ein Datenblatt mit weiteren Geräteangaben ist in den Prospekten enthalten | Μια κάρτα με πληροφοριακές λεπτομέρειες |
| ☒ | | | Norm EN 50242 | Norma EN 50242 | Standard: EN 50242 | Norm EN 50242 | Πρότυπο EN 50242 |
| ☒ | | | Dishwasher Label Directive 97/17/EC | Directiva 97/17/CE sobre etiquetado de lavavajillas | Direktiv 97/17/EF om energimærkning af opvaskemaskiner | Richtlinie 97/17/EG-Geschirrspüleetikett | |

| FR | IT | NL | PT | FI | SV |
|--|---|--|--|--|---|
| Efficacité de lavage A: plus élevée G: plus faible | Efficacia di lavaggio A: alta G: bassa | Afwasresultaat A: goed G: matig | Eficiência de lavagem A: mais elevada G: mais baixa | Pesutulos A: hyvä G: huono | Diskeffekt A: bättre G: sämre |
| Classe d'efficacité de lavage ... sur une échelle allant de A (plus élevée) à G (plus faible) | Classe di efficacia di lavaggio ... su una scala da A (alta) a G (bassa) | Afwasresultaat: ... op een schaal van A (goed) tot G (matig) | Classe de eficiência de lavagem ... numa escala de A (mais elevada) a G (mais baixa) | Pesutusluokka ... asteikolla A:sta (hyvä) G:hen (huono) | Diskeffektetsklass ... på en skala från A (bättre) till G (sämre) |
| Efficacité de séchage A: plus élevée G: plus faible | Efficacia di asciugatura A: alta G: bassa | Droogresultaat A: goed G: matig | Eficiência de secagem A: mais elevada G: mais baixa | Kuivaustulos A: hyvä G: huono | Torkeffekt ... A: bättre G: sämre |
| Classe d'efficacité de séchage ... sur une échelle allant de A (plus élevée) à G (plus faible) | Classe di efficacia di asciugatura ... su una scala da A (alta) a G (bassa) | Droogresultaat ... op een schaal van A (goed) tot G (matig) | Classe de eficiência de secagem ... numa escala de A (mais elevada) a G (mais baixa) | Kuivaustulosluokka ... asteikolla A:sta (hyvä) G:hen (huono) | Torkeffektetsklass ... på en skala från A (bättre) till G (sämre) |
| Nombre de couverts | Coperti | Standaardcouverts | Serviços de loiça padrão | Täyttöäärä (standard-astiastoja) | Standardkuvert |
| Consommation d'eau l/cycle | Consumo di acqua l/ciclo | Waterverbruik (l/cyclus) | Consumo de água l/ciclo | Vedenkulutus l/ohjelma | Vattenförbrukning l/diskomgång |
| Durée du programme | Durata del programma | Programmaduur | Duração do programa | Ohjelman kesto aika | Tid per diskomgång |
| Consommation annuelle estimée (220 cycles) | Consumo stimato annuo (220 cicli) | Geschat jaarlijks verbruik (220 cycli) | Consumo anual estimado (220 ciclos) | Arvioitu vuotuinen kulutus (220 perukertaa) | Beräknad förbrukning per år (220 diskomgångar) |
| Bruit [dB(A) re 1 pW] | Rumorosità [dB(A) re 1 pW] | Geluidsniveau (dB(A) re 1 pW) | Nível de ruído [dB(A) re 1 pW] | Aäni (dB(A) re 1 pW) | Buller (dB(A) re 1 pW) |
| Une fiche d'information détaillée figure dans la brochure | Gli opuscoli illustrativi contengono una scheda particolareggiata | Een kaart met nadere gegevens is opgenomen in de brochures over het apparaat | Ficha pormenorizada no folheto do produto | Tuote-esitteissä on lisätietoja | Produktbroschyren innehåller ytterligare information |
| Norme EN 50242 | Norma EN 50242 | Norm EN 50242 | Norma EN 50242 | Standardi EN 50242 | Standard EN 50242 |
| Directive 97/17/CE relative à l'étiquetage des lave-vaisselle | Direttiva 97/17/CE sull'etichettatura delle lavastoviglie | Richtlijn 97/17/EG: etikettering afwasmachines | Directiva 97/17/CE relativa à etiquetagem das máquinas de lavar loiça | Direktiivi 97/17/EY astianpesukoneiden energiamerkinnästä | Direktiv 97/17/EG om märkning av diskmaskiner |